

Meldesentralen – årsrapport 2004

HELSETILSYNET

tilsyn med sosial og helse

RAPPORT FRA
HELSETILSYNET 5/2006

MARS
2006

Rapport fra Helsetilsynet 5/2006
Meldesentralen – årsrapport 2004

Mars 2006

ISSN: 1503-4798 (elektronisk utgåve).

Denne publikasjonen finnест elektronisk på Helsetilsynets nettstad
www.helsetilsynet.no

Design: Gazette
Elektronisk versjon: Lobo Media AS

Statens helsetilsyn
Postboks 8128 Dep, NO-0032 OSLO, Norway
Telefon: 21 52 99 00
Faks: 21 52 99 99
E-post: postmottak@helsetilsynet.no

Innhold

1 Innleiing	4
2 Samandrag	5
3 Om meldeordninga	6
Formålet med meldeplikta	6
Om meldeskjema og registrering.....	6
Datamateriale.....	7
Nokre sentrale omgrep	7
Feilkjelder	7
Årsaksforhold.....	7
4 Resultat	9
Datamateriale.....	9
Utviklinga 2001–2004	9
Meldingar med hendingsdato i 2004	9
Vurderingane i avdelingsleiringa.....	11
Vurderingar i kvalitetsutvala	12
Behandlinga av meldingane i Helsetilsynet i fylka	12
Unaturleg dødsfall	12
Betydeleg personskade	13
Forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade.....	13
5 Vurdering i Statens helsetilsyn.....	15
Vedlegg 1	17
Meldingar fordelt på skadegrad på pasienten etter kjønn, alder type hending, stad, årsaksforhold osb.....	17
Tabell 1. Tal på meldingar.....	17
Tabell 2. Del meldingar i forhold til skadegrad på pasienten.....	18
Tabell 3. Del meldingar i forhold til type hending	19
Tabell 4. Tal på og del meldingar som gjelder feil bruk av legemiddel.....	20
Vedlegg 2	21
Meldeskjema IK-2448	21
Čoahkkáigeassu.....	23
English summary.....	24

1 Innleiing

Spesialisthelsetenestelova¹ § 3-3 første ledd lyder slik:

§ 3–3. Meldeplikt til Helsetilsynet i fylket Helseinstitusjon som omfattes av denne loven, skal snarest mulig gi skriftlig melding til Helsetilsynet i fylket om betydelig personskade som voldes på pasient som følge av ytelse av helsetjeneste eller ved at en pasient skader en annen. Det skal også meldes fra om hendelser som kunne ha ført til betydelig personskade.

Denne lovregelen ligg til grunn for arbeidet med Meldesentralen i Statens helsetilsyn. Statens helsetilsyn har driftsansvar for databasen Meldesentralen. Helsetilsynet i fylka registrerer meldingane som kjem frå spesialisthelsetenesta.

Før 2001 var det eit høgt tal meldingar om hendingar med mindre eller ingen skade på pasient. Det totale talet på meldingar gjekk kraftig ned frå 2000 til 2001. Denne reduksjonen heng truleg saman med at ny helselovsgiving i større grad fokuserte på dei hendingane som hadde ført til, eller kunne ført til meir alvorleg pasientskade. Dei mindre alvorlege hendingane skulle ikkje rapporterast til Helsetilsynet i fylket, men bli behandla i internkontrollsystemet i helseinstitusjonane.

Statens helsetilsyn har frå 1994 publisert årsrapportar for Meldesentralen². Denne rapporten er litt forskjellig frå dei førre rapportane. Vi har gått grundigare gjennom datamaterialet enn tidlegare, og rapporten er bygd opp på ein annan måte enn tidlegare. Data er ikkje presenterte på regionalt nivå.

1) Lov av 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenesta m.m. (spesialisthelsetenestelova)

2) Meldesentralen. Årsrapporter 1994–2003
(www.helsetilsynet.no/meldesentralen)

2 Samandrag

På grunn av feilkjeldene må ein vere varsam når ein tolkar data frå Meldesentralen. Likevel; trass i desse avgrensingane meiner vi at meldingane gir nytig informasjon som kan brukast i arbeidet med kvalitetsforbetring i og tilsyn med spesialisthelsetenesta.

Talet på meldingar har auka med 51 prosent frå 2001 til 2004.

Per 1. desember 2005 var det registrert 2056 meldingar om hendingar som skjedde i 2004. Om lag ein tredjedel av meldingane (31 prosent) gjeld betydeleg personskade, mens over halvparten av meldingane (55 prosent) gjeld forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade.

Det er registrert 176 meldingar om unaturleg dødsfall. I 40 prosent av desse meldingane er det registrert at dødsfall skjedde da pasienten fekk helsehjelp, og i 41 prosent er dødsfallet registrert som følge av sjølvpåførte skadar.

I 61 prosent av meldingane om betydeleg personskade er det registrert at pasienten blei informert om skaden, og i 21 prosent er det registrert at pasienten blei informert om Norsk Pasientskaderstatning (NPE). Sjølv om det kan knytast feilkjelder til desse data, meiner Statens helsetilsyn at det er urovekkjande at mange pasientar ikkje ser ut til å vere informerte om skaden eller om Norsk Pasientskaderstatning. Helseføretaka bryt norsk lov når dei ikkje oppfyller informasjonsplikta i pasientrettslova, jf § 3-2.

Ein fjerdedel av meldingane gjeld hendingar der årsaka er feil bruk av legemiddel. Dei fleste meldingane om feil bruk av legemiddel (83 prosent) gjaldt forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade.

Over halvparten av desse (52 prosent) gjaldt «feil ved administrering av legemiddel til rett pasient». Berre 7 prosent av alle meldingar om unaturleg dødsfall og 6 prosent av alle meldingar om betydeleg personskade hadde feil ved bruk av legemiddel som årsaksforhold.

Statens helsetilsyn ser det som positivt at det samla talet på meldingar har auka. Likevel er det framleis slik at mange meldepliktige hendingar ikkje blir melde. Openheit rundt uønskte hendingar, skadar og nestenuhell og systematisk bruk av informasjon om desse er ein føresetnad for eit godt tryggleiksarbeid. Dette krev at meldekulturen er god, og at leiinga fokuserer på og spør etter det systematiske arbeidet. Statens helsetilsyn understrekar at helseføretaka har ansvaret for at den lovpålagde meldeplikta blir følgd og fungerer slik det var meint. Vi ventar vidare at føretaka ser til at informasjon til pasientane om skadar og NPE blir gitt i tråd med reglane i pasientrettslova.

3 Om meldeordninga

I dette kapitlet gjer vi greie for formålet med meldeordninga i spesialisthelsetenestelova § 3–3 og drøftar forhold som er viktige for datamaterialet og innhaldet i rapporten.

Formålet med meldeplikta

Hovudformålet med meldeplikta er å klargjøre kvifor hendingar har skjedd, og å førebyggje at tilsvarende hendingar skjer igjen, slik at pasientar ikkje skal risikere å bli utsette for skade. Meldeplikta³ er meint å støtte opp under internkontrollsystemet og kvalitetsarbeidet i helseinstitusjonane, der kvalitetsutvala utgjer eit viktig element, jf § 3-4 i spesialisthelsetenestelova.

I tillegg skal meldeplikta til Helsetilsynet i fylket leggje til rette for Helsetilsynet i fylkets tilsyn og oversikter over alvorlege hendingar og kvalitetsmanglar i helsetenesta. Meldeplikta til tilsynsorganet skal leggje til rette for:

- utarbeiding av systematiske oversikter over alvorlege hendingar og kvalitetsmanglar i helsetenesta,
- tilsyn og rådgiving med internkontrollarbeidet og den systematiske behandlinga av alvorlege hendingar i helseinstitusjonane,
- oppfølging av repeterande eller alvorlege hendingar som kan medføre fare for tryggleiken til pasientane, eller som kan påføre pasientane betydeleg belastning.

Meldeplikta skal såleis støtte opp under det systematiske tryggleiksarbeidet i verksemda. Tilsynsorganet har som oppgåve å følgje med på dette arbeidet og gripe inn ved teikn

på alvorlege manglar.

Formålet med Meldesentralen er ikkje å gi eit tal på førekomensten av uønskte hendingar, dødsfall eller skadar. Da viser vi i staden til offentleg statistikk som er publisert av blant andre Statistisk sentralbyrå, Norsk Pasientregister og KRIPOS. Vidare gir statistikken frå Norsk pasientskadeerstatning utfyllende opplysningar om risikobiletet knytt til spesialisthelsetenesta.

Om meldeskjema og registrering

Dei siste åra har det fleire gonger stått på dagsordenen å endre og forbetre meldeskjemaet IK-2448, som blir nyttा for alle meldingar av hendingar som er regulerte av lov om spesialisthelsetenesta § 3–3. Vi har også gjennomført eit pilotprosjekt med sikte på elektronisk meldeordning. På grunn av arbeidet med nytt meldesystem i Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) er Statens helsetilsyn blitt bede om å leggje arbeidet sitt med dette på vent. For Statens helsetilsyn er det ei kjend problemstilling at det meldeskjemaet som blir brukt i dag, ikkje er tilpassa den utviklinga som skjer i enkelte helseføretak når det gjeld implementering av elektroniske versjonar av melding og behandling av avvikshendingar internt. Det er også forskjell mellom papirskjemaet som blir fylt ut av spesialisthelsetenesta, og den elektroniske databasen som meldingane blir registrerte i, hos Helsetilsynet i fylka.

I tillegg fører nye meldeplikter knytte til blod, blodprodukt, celler og vev som er regulerte i EU-direktiv⁴, til at ein treng å endre meldeskjemaet, og til behov for nye skjema og ny database. Slik Statens helsetilsyn oppfattar meldeplikta som er omtala i

3) Meldeplikt til fylkeslegen om betydelige personskader – spesialist-helsetjenesteloven § 3–3 – justeringer av meldeordningene. Rundskriv I-54/2000. Sosial- og helsedepartementet.

4) EU-direktiva 2002/98/EF og 2005/61/EF – Krav om spørbarhet, rapportering av alvorlige bivirkninger og avvikende hendelser med blod og blodprodukter. EU-direktiv 2004/23/EF – Fastsettning av standardar for kvaliteten og sikkerheten ved donasjon, uttak, testing, prosesering, konservering, oppbevaring og distribusjon av celler og vev.

desse direktiva, ser ho ut til å vere svært omfattande.

Datamateriale

Nokre sentrale omgrep

I Meldesentralen er det tre omgrep som er knytte til dato: hendingdato, registrert dato og motteken dato.

a) Hettingsdato

Hettingsdato er tidspunktet for når den melde hendinga skjedde. Data om talet på meldingar baserte på hettingsdato viser berre kor mange hendingar som blir melde, ikkje kor mange hendingar som skjer.

b) Registrert dato

Registrert dato er tidspunktet for når Helsestilsynet i fylket registerer innrapportert melding i databasen.

c) Motteken dato

Meldingsskjemaet har felt for å registrere datoene når avdelingsleiringa, kvalitetsutvalet og Helsetilsynet i fylket får skjemaet.

Data som er presenterte i denne rapporten, er knytte til hettingsdato.

Omgrepet *betydeleg personskade* er definert i Rundskriv I-54/2000⁵:

Skaden anses betydelig dersom den er av en slik art og/eller grad at den vil få vesentlige konsekvenser for pasientens sykdom, lidelse eller innebærer vesentlige smerter eller redusert livsutstykking på kortere eller lengre sikt.

Feilkjelder

Det er til dels store feilkjelder knytte til datamaterialet i Meldesentralen. Dette kjem dels av manglende data, dels av feilregistrert data. Eit anna problem er forskjellar mellom det meldeskjemaet som blir fylt ut i spesialisthelsetenesta, og det elektroniske skjemaet som blir fylt ut av Helsetilsynet i fylka. Nedanfor greier vi ut om nokre av feilkjeldene.

Kva meldinga gjeld

Ein av dei viktigaste variablane i Meldesentralen er «hva meldingen gjelder», det vil seie skadegrad for pasienten (unaturleg dødsfall, betydeleg personskade eller forhold som kunne ha ført til betydelege personskade).

For hendingar som skjedde i 2004, manglar det informasjon om skadegrad for pasienten i 5 prosent av dei registrerte hendingane. Det er også god grunn til å tru at denne variabelen er registrert feil i mange tilfelle. 9 prosent av hendingane er registrerte som unaturleg dødsfall. Ved å lese felta for fritekst er det mogleg å oppdage hendingar som ikkje er registrerte som unaturleg dødsfall, men der det står at pasienten døydde. Dersom vi inkluderer desse hendingane, gjeld 11 prosent av alle meldingane for 2004 unaturleg dødsfall.

Type hending

Registrering av hendingar som sjølpåførte skadar verkar til dels tilfeldig. For eksempel er halvparten (49 prosent) av hendingar som gjeld fall, registrert som sjølpåførte skadar, mens halvparten er registrert som andre typar hendingar. Ved gjennomgang av meldingar ser ein at somme hendingar er registrerte som sjølpåførte skadar, men at dei ut frå hendingstypen ikkje kan reknast for å vere det. Eksempel på dette er: akutt blødning etter ein operasjon, ei uønskt hending under ein operasjon, forveksling av prøvesvar. På den andre sida finn ein meldingar som ikkje er registrerte som sjølpåførte skadar, men som likevel må reknast for å vere det. Eksempel på dette er tilfelle av sjølvord og sjølvordsforsøk.

Årsaksforhold

På grunn av manglende data og feilregistrering er det også vanskeleg å få eit fullstendig bilet av årsakssamanhangar. Somme hendingar kan ha fleire årsaksforhold, som følgje av at ulike faktorar har verka samtidig og ført til skade, eller fare for skade, på pasient.

For å belyse problemet med feilregistrering av årsaksforhold og manglende data kan vi bruke hendingar med feil bruk av legemiddel som eksempel.

For hendingar som skjedde i 2004 er 24 prosent registrerte som feil ved bruk av legemiddel. Ved å lese fritekstfelta kan ein oppdage mange hendingar der årsaksforholdet ikkje er registrert som feil ved bruk av legemiddel, men der det står at legemiddel var involverte, og omvendt: nokre hendingar som ikkje hadde noko med legemiddel å gjøre, er registrerte som feil bruk av legemiddel⁶. Når ein ser på informasjonen frå fritekstfelta, viser det seg at så mange som 28 prosent av hendingane kan ha feil ved bruk av legemiddel som årsaksforhold.

5) Meldeplikt til fylkeslegen om betydelige personskader – spesialist-helsetjenesteloven § 3–3 – justeringer av meldeordningen. Rundskriv I-54/2000. Sosial- og helsedepartementet.

6) For eksempel: I feltet «anna» (feil bruk av legemiddel) viser fritekstfeltet at om lag ein tredjedel av desse hendingane ikkje hadde noko med legemiddel å gjøre.

Vurderinga i kvalitetsutvalet

Del tre i meldeskjemaet, som skal fyllast ut av kvalitetsutvalet, manglar i mange tilfelle informasjon om korleis ein har vurdert årsaksforhold og oppfølging av pasienten.

Korrigering av data

Sjølv om vi har oppdagat mange tilfelle av feilregistrering og manglende data, korrigerer vi ikkje data som er registrerte i databasen til Meldesentralen. Vi meiner at det ikkje er riktig å rette opp registreringsfeil utan å involvere Helsetilsynet i fylka. Etter lovverket tilhøyrer meldesentraldata Helse-tilsynet i fylket. Helsetilsynet i fylka pliktar å returnere ufullstendige meldeskjema tilbake til verksemda for korrekt utfylling. Rolla til Statens helsetilsyn er å vere praktisk-teknisk tilretteleggjar av registreringa og databehandlinga, i tillegg til å opptre som overordna organ når det gjeld korleis arbeidet skal drivast. All retting av data i enkelt-meldingar må gjerast av helseinstitusjonane, gjerne i samarbeid med Helsetilsynet i fylka og i samråd med Statens helsetilsyn. Derfor er resultata som er presenterte i denne rapporten, baserte på det som er registrert i databasen, utan korrigering. Likevel har vi for nokre variablar brukt fritekstfelta for å vurdere kor store feilkjeldene er.

4 Resultat

Datamateriale

Resultata som er presenterte her, bygger på hendingar som skjedde i 2004, og som var registrerte i Meldesentralen per 01.12.2005. Ut frå tidlegare erfaring veit vi at fleire meldingar med hendingsdato i 2004 blir registrerte etter denne datoен, men vi går ut frå at om lag 98 prosent av meldingane med hendingsdato i 2004 var registrerte per 01.12.05⁷.

Detaljerte data er presenterte i tabellene i vedlegg 1. Tabellene viser talet på meldingar fordelt på skadegrad på pasienten, etter kjønn, alder, type hending, stad, årsaksforhold og så bortetter.

Presentasjonen av dei momenta som elles blir trekte fram, er knytt til dei ulike rubrikkane/registreringsfelta på skjemaet IK-2448. Vi viser til vedlagde skjema (vedlegg 2).

Utviklinga 2001–2004

Tabell 1 viser utviklinga av talet på meldingar frå 2001 til 2004. I den perioden har talet på meldingar stige kvart år, frå 1366 i 2001 til 2056 i 2004 – ein auke på 51 prosent. Auken frå 2003 til 2004 var på 13 prosent. Delen meldingar som gjeld unaturleg dødsfall, var 8 prosent for meldingar med hendingsdato i 2001 og 2002, og 9 prosent for 2003 og 2004.

Tabell 1

Tal på meldingar med hendingsår 2001–2004 fordelte på skadegrad

Skadegrad	2001	2002	2003	2004
Hending med utstyr / ikkje utfylt ⁸	154	81	91	110
Betydeleg personskade	563	616	625	638
Forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade	542	899	944	1132
Unaturleg dødsfall	107	133	157	176
Totalt	1366	1729	1817	2056

7) Grunngivinga for dette er at 98 prosent av hendingane med hendingsdato i 2003 var registrerte per 01.12.2004.


8) De to kategoriene *hending med utstyr og ikkje utfylt* er slått saman fordi det ikkje er mogleg å skilje dei for 2004. Frå 2004 er kategorien *hending med medisinsk utstyr* ikkje lenger eit val i del 1 av Meldesentralens database, men er framleis eit val i del 1 av meldeskjemaet.

Meldingar med hendingsdato i 2004

Figur 1 viser registrerte meldingar med hendingsdato i 2004 fordelte på skadegrad på pasient. Over halvparten av meldingane

(55 prosent) gjeld forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade, og om lag ein tredel av meldingane (31 prosent) gjeld betydeleg personskade.


Figur 1
Del meldingar med hendingsdato i 2004 fordelt på skadegrad



55 prosent av meldingane gjaldt kvinnelege pasientar, og 44 prosent mannlege pasientar.

Figur 2 viser aldersfordeling på pasientane.

Figur 2
Del meldingar med hendingsdato i 2004 fordelt på alder



19 prosent av registrerte meldingar gjeld hendingar som fann stad i kirurgiske avdelingar, 18 prosent i medisinske avdelingar og 16 prosent i psykisk helsevern (tabell 2).

Tabell 2
Tal på meldingar med hendingsdato i 2004 fordelt på fagområde/avdeling der hendinga skjedde

Sted	Tal	Del
Kirurgisk avdeling (inkludert ortopedi)	392	19 %
Medisinsk avdeling (inkludert geriatri)	379	18 %
Psykiatri	321	16 %
Gynekologi – obsterikk – føde	191	9 %
Anestesi – operasjon	162	8 %
Akuttmottak – intensiv – overvaking	127	6 %
Anna ⁹	448	22 %
Ikkje utfylt	36	2 %
Totalt	2056	100 %

9) «Anna» inkluderer medisinsk serviceavdeling, barneavdeling, klinisk undersøkings-/behandlingsavdeling, ØNH-avdeling, augeavdeling og transportavdeling.

Vurderingane i avdelingsleiinga

Det er vanskeleg å vurdere korleis avdelingsleiinga har handtert hendingane, fordi ein stordel meldingar manglar data i del to av meldingsskjemaet. Difor blir det store feilkjelder knytte til denne vurderinga.

Korleis avdelingsleiinga vurderer årsaksforhold

Vi presenterer ikkje her resultat om korleis avdelinga har vurdert årsaksforhold, fordi årsaksforhold ikkje er registrert for 14 prosent av meldingane, og er registrert som «anna» for 27 prosent av meldingane.

Korleis avdelingsleiinga vurderer ved feil bruk av legemiddel

24 prosent av alle meldingar hadde feil bruk av legemiddel som årsaksforhold. Av alle registrerte meldingar som gjeld legemiddel, er «feil ved administrering av legemiddel til rett pasient» den vanlegaste typen årsaksforhold (49 prosent av alle meldingar som gjeld legemiddel). Eksempel på dette er pasientar som har fått feil medisin, feil dose og utegløymd medisin.

Korleis avdelingsleiinga vurderer meldingar som gjeld medisinsk utstyr

Lov om medisinsk utstyr¹⁰ § 11 første ledd lyder slik:

§ 11. Meldeplikt ved hendelsesavvik, feil eller svikt

Hendelsesavvik, feil eller svikt der medisinsk utstyr er eller kan ha vært involvert skal meldes til den instans Kongen utpeker. Den som produserer, omsetter, eier eller i sin virksomhet bruker utstyret og som er kjent med hendelsesavviket, feilen eller svikten plikter å gi melding.

Helsetilsynet i fylka registrerer meldingar om medisinsk utstyr etter spesialisthelsetenestelova § 3–3 når hendinga har ført til betydeleg skade på pasient eller kunne ha ført til slik skade. Det skal sendast kopi av alle utstyrmeldingar til Sosial- og helsedirektoratet, avdeling for spesialisthelsetenester. Ved hendingar utan personskade eller fare for personskade blir meldingane ikkje registrerte hos Helsetilsynet i fylka, men sendt vidare til Sosial og helsedirektoratet som overtok tilsynsoppgåvene for medisinsk utstyr i 2002. Hovudregelen etter forskrift om medisinsk utstyr §§ 2–11 og 2–12, jf. § 6–1, er at alle meldingar som gjeld utstyr skal

sendast til Sosial- og helsedirektoratet. Ein må vurdere talet på meldingar om hendingar der medisinsk utstyr har vore involvert ut frå dette som er eit noko vidare meldegrunnlag enn det som er heimla i § 3–3.

Det blei registrert 114 hendingar der medisinsk utstyr var involvert. Årsaksforholda var manglende vedlikehald, annan teknisk svikt eller brukarfeil. Tilsvarande tal for meldingar med hendingdato i 2003 er 124. I feltet «anna» (feil ved bruk av utstyr), viser fritekstfeltet at berre ein tredjedel (18 av 56) av desse hendingane hadde noko med utstyr å gjøre.

Retten pasienten har til informasjon

Pasientrettslova¹¹ § 3–2, 4. og 5. ledd lyder slik:

§ 3-2. Pasientens rett til informasjon

Dersom pasienten blir påført skade eller alvorlige komplikasjoner, skal pasienten informeres om dette. Pasienten skal samtidig gjøres kjent med adgangen til å søke erstatning hos Norsk Pasientskaderstatning.

Dersom det etter at behandlingen er avsluttet, oppdages at pasienten kan ha blitt påført betydelig skade som følge av helsehjelpen, skal pasienten om mulig informeres om dette.

Meldeskjema for melding til Helsetilsynet i fylket inneholder felt som skal fyllast ut for å få fram om spesialisthelsetenesta oppfyller desse pliktene.

I 43 prosent av alle meldingane er det registrert at pasienten er informert om skaden. Berre i 10 prosent av meldingane er det registrert at pasienten er informert om Norsk Pasientskaderstatning.

Dersom det ikkje er registrert at pasienten er informert, kan det anten bety at pasienten ikkje er informert, at han eller ho som fylte ut skjemaet, ikkje veit om pasienten er informert eller ikkje, eller at denne delen av meldeskjemaet ikkje er utfylt.

Konklusjon om årsaksforhold i avdelingsleiinga

Fritekstfeltet for korleis avdelingsleiinga konkluderer om årsaksforhold og tiltak, er ikkje utfylt for 151 meldingar (7 prosent av alle meldingar).

10) Lov av 12. januar 1995 nr. 6 om medisinsk utstyr (lov om medisinsk utstyr)

11) Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasientrettar (pasientrettslova)

Vurderingar i kvalitetsutvala

Det er vanskeleg å vurdere korleis kvalitetsutvala handterer hendingane, fordi delen av meldingar som manglar data i del tre av meldingsskjema (som skal fyllast ut av kvalitetsutvalet), er stor, slik at det er knytt store feilkjelder til desse data. Fritekstfeltet for korleis kvalitetsutvalet vurderer årsaksforhold, er ikkje utfylt i 52 prosent av alle meldingane. Fritekstfeltet for korleis kvalitetsutvalet vurderer mangelfull oppfølging, er ikkje utfylt i 54 prosent av alle meldingane. I om lag 4 prosent av meldingane er ingen informasjon registrert i del 3.

Når det gjeld vurderingane i kvalitetsutvalet av korleis pasientane er følgde opp, er det i 74 prosent av meldingane registrert at planlegging og/eller tiltak var tilfredsstillande. Når det gjeld vurderingane i kvalitetsutvala av sikring/førebygging, er det i 46 prosent av meldingane registrert at planlegging og/eller tiltak var tilfredsstillande.

Dersom det ikkje er registrert at desse forholda er vurderte som tilfredsstillande, kan det anten bety at det ikkje er tilfredsstillande, eller at han eller ho som fylte ut skjemaet, ikkje veit svaret, eller at denne delen av meldeskjemaet ikkje er utfylt.

Behandlinga av meldingane i Helsetilsynet i fylka

59 meldingar har ført til at det er oppretta tilsynssaker, og for to meldingar vurderer ein å opprette tilsynssak¹².

Unaturleg dødsfall

Unaturleg dødsfall skal, jamfør helsepersonellova¹³ § 36, meldast til politiet. Dødsfall blir etter forskrifa rekna som unaturleg dersom forholdet mellom anna kan kome av:

- sjølvord eller sjølvpåført skade
- feil, forsøming eller uhell ved undersøking eller behandling av sjukdom eller skade
- ukjend årsak når døden har kome plutselig eller uventa


Det er registrert 176 meldingar om unaturleg dødsfall (9 prosent av meldingane med hendingsdato i 2004). I tillegg er 45 hendingar

ikkje registrerte som unaturleg dødsfall, men det står i fritekstfelte at pasienten døydde. Det er god grunn til å tru at dei fleste av desse 45 dødsfalla hadde med hendinga å gjere. I tillegg er det fire hendingar der det står at pasienten døydde, men at dødsfallet ikkje hadde noko med hendinga å gjere. Er det tvil om at utøvinga av helsesteneste kan ha hatt noko å seie for det fatale utfallet, må ein sjå på hendinga som eit unaturleg dødsfall og melde henne som det. Det vil seie at så mange som 11 prosent av alle meldingane for 2004 kan gjelde unaturleg dødsfall.

I 40 prosent av meldingane om unaturleg dødsfall døydde pasienten da det blei gitt helsehjelp, og i 41 prosent som følgje av sjølvpåførte skadar (figur 3).

Figur 3

Del meldingar om unaturleg dødsfall med hendingsdato i 2004 fordelt på type hending



- Følgje av mangel på helsehjelp
- Under utøving av helsehjelp
- Pasient påført skade av annan pasient
- Sjølvpåført
- Anna
- Ikkje utfylt

Ein tredel (32 prosent) av meldingane om unaturleg dødsfall gjaldt hendingar innanfor psykisk helsevern.

Ifølgje Sosial- og helsedepartementets rundskriv I-54/2000¹⁴.

Ved dødsfall som skyldes selvord eller ulykker mens en pasient er under psykisk helsevern vil det kunne være vanskelig å vurdere hvorvidt hendelsen skjer på grunn av ytelse av helsetjeneste, for eksempel på grunn av manglende tilsyn eller oppfølging, eller om hendelsen skyldes pasientens sykdom alene. Innen det psykiske helsevernet skal derfor alle

12) Talet på tilsynssaker som er oppretta, er rekna ut ved å bruke informasjon som er registrert i fritekstfelte i Meldesentralen.

13) Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mm. (helsepersonellova).

14) Meldeplikt til fylkeslegen om betydelige personskader – spesialist-helsejenesteloven § 3-3 – justeringer av meldeordningen. Rundskriv I-54/2000. Sosial- og helsedepartementet.

dødsfall som skyldes ulykker eller selv-mord, samt alvorlige personskader mel-des.

85 meldingar gjeld sjølvmord¹⁵, og 51 av desse hendingane skjedde innanfor det psykiske helsevernet. For hendingar som skjedde i 2003, er talet på meldingar om sjølvmord 50.

Talet på meldingar om unaturleg dødsfall som gjeld sjølpåførte skader, er 72 (41 prosent av alle meldingar om unaturleg dødsfall). Talet på meldingar om sjølvmord er 85. Dette mishøvet kjem av feilregistring. Nokre meldingar om sjølvmord er ikkje registrerte som unaturleg dødsfall, og nokre er ikkje registrerte som sjølpåførte skadar.

Det er registrert 12 tilfelle av unaturleg dødsfall der barnet døydde under fødsel (7 prosent av alle meldingar om unaturleg dødsfall).

Berre 7 prosent av alle meldingar om unaturleg dødsfall hadde feil ved bruk av lege-middel som årsaksforhold.


Betydeleg personskade

Det er registrert 638 meldingar som gjeld betydeleg personskade (31 prosent av meldingane med hendingsdato i 2004).

Eit fleirtal av desse hendingane (63 prosent) skjedde da det blei gitt helsehjelp (figur 4).

Figur 4

Del meldinger om betydeleg personskade med hendingsdato i 2004 fordelt på type hending



- Følge av mangel på helsehjelp
- Under utøving av helsehjelp
- Pasient påført skade av annan pasient
- Sjølpåført
- Anna
- Ikkje utfylt

Berre 7 prosent av meldingane om betydeleg personskade fann stad innanfor det psykiske helsevernet.

Berre 6 prosent av alle meldingar om betydeleg personskade hadde feil ved bruk av legemiddel som årsaksforhold.


I 61 prosent av hendingane med betydeleg personskade er det registrert at pasienten blei informert om skaden, og i berre 21 prosent er det registrert at pasienten blei informert om Norsk Pasientskadeerstatning.

Forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade

Det er registrert 1132 meldingar som gjeld forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade (55 prosent av meldingane med hendingsdato i 2004). Eit fleirtal av desse hendingane (67 prosent) skjedde da det blei gitt helsehjelp. Sjølpåførte skadar utgjer den nest største gruppa (14 prosent) (figur 5).

Figur 5

Del meldinger om forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade med hendingsdato i 2004 fordelt på type hending



- Følge av mangel på helsehjelp
- Under utøving av helsehjelp
- Pasient påført skade av annan pasient
- Sjølpåført
- Anna
- Ikkje utfylt

44 av 49 meldingar om sjølvordsforsøk¹⁶ er registrerte som forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade. 36 av desse registrerte sjølvordsforsøka skjedde innanfor det psykiske helsevernet.

Dei fleste meldingane om feil bruk av lege-middel (83 prosent) gjaldt forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade. Over halvparten av desse (52 prosent) gjaldt

15) Talet på tilfelle av sjølvmord blei rekna ut ved å bruke informasjon registrert i fritekstfeltet i Meldesentralen.

16) Tal på tilfelle av sjølvordsforsøk blei rekna ut ved å bruke informasjon registrert i fritekstfeltet i Meldesentralen.

«feil ved administrering av legemiddel til
rett pasient».

I berre 38 prosent av hendingane som kunne ha ført til betydeleg personskade, er det registrert at pasienten blei informert om hendinga, og i berre seks prosent er det registrert at pasienten blei informert om Norsk Pasientskadeerstatning.

Etter pasientrettslova § 3-2 har pasienter rett til informasjon om påført skade eller alvorlige komplikasjonar. Ein stor del av de skadar, feilbehandlingar, komplikasjonar og liknande som blir meldt etter §3-3 som forhold som kunne ha ført til betydeleg personskade, vil vere omfatta av denne retten til informasjon.

5 Vurdering i Statens helsetilsyn

Meldingar om feil og nesten-uhell er ei sentral utfordring i tryggleiksarbeidet på ulike samfunnssektorar. Ein føresetnad for godt tryggleiksarbeid er å vere open om uønskte hendingar, skadar og nesten-uhell og drive systematisk arbeid med informasjon om desse. Dette krev at meldekulturen er god, og at leiinga fokuserer på og etterspør det systematiske arbeidet.

Eit godt tryggleiksarbeid krev ikkje berre at ein går gjennom dei alvorlege, meldepliktige hendingane for å avklare årsaka og vurdere behovet for å setje i verk korrigande tiltak for å førebyggje liknande hendingar. Også mindre alvorlege hendingar, nesten-uhell m.m. må meldast inn i det interne systemet for avvikshandtering i verksemda, og vurderast på same måten. Vår erfaring frå tilsyn er at denne delen av internkontrollen ofte ikkje er godt etablert i helsetenesta.

På bakgrunn av norske og utanlandske studiar ventar ein eit visst tal meldingar om uønskte hendingar i helsetenesta kvart år. Det er fordi ein statistisk sett går ut frå at ein prosentdel av den totale mengda behandla pasientar blir utsett for uønskte hendingar når helseteneste blir ytt. Venta prosentdel varierer frå knapt 3 prosent til over 10 prosent¹⁷.

Talet på meldingar som blir rapportert til Helsetilsynet i fylka kan sjåast i samanheng med talet på pasientopphold i spesialisthelsetenesta (heildøgnsopphold, dagopphold innlagde, eller poliklinisk dagbehandling).

I 2004 var talet på pasientopphold i somatiske spesialisthelsetenester 1,3 millionar¹⁸. Talet på meldingar frå somatiske spesialisthelsetenester med hendingssdato i 2004 var litt over 2000, og representerer meld-

pliktige hendingar ved berre 0,15 prosent av pasientopphalda.

Statens helsetilsyn har i tidlegare årsrapportar gitt uttrykk for at dei meldingane som blir sende til Helsetilsynet i fylka, berre ser ut til å skildre toppen av isfjellet. Desse tala støttar vår vurdering av at det framleis er slik at mange meldepliktige hendingar ikkje blir melde. Vår erfaring gjennom fleire år er dessutan at institusjonane i spesialisthelsetenesta oppfyller den lovpålagde meldeplikta i svært ulik grad.

I dette biletet ser Statens helsetilsyn det samtidig som positivt at talet på meldingar i tråd med § 3–3 i spesialisthelsetenestelova har auka. Vi meiner at dei helseinstitusjonane som melder flest uønskte hendingar, ikkje nødvendigvis er dei institusjonane der det faktisk skjer flest hendingar. Tala er like gjerne eit uttrykk for at kvalitetsarbeidet i desse institusjonane fungerer. Så lenge underrapporteringa er så vidt stor er det meir urovekkjande at mange institusjonar ikkje melder uønskte hendingar, enn at talet på meldingar generelt sett aukar.

Statens helsetilsyn finn grunn til å understreke at den lovpålagde meldeplikta etter § 3–3 omfattar dei alvorlege hendingane, det vil seie hendingar som har ført til eller kunne ha ført til betydeleg personskade. Også for desse hendingane er hovudpoenget at verksemda sjølv analyserer årsaka til hendinga og set i verk korrigande tiltak for å redusere risikoen for nye hendingar. Det skal gå fram av meldinga til Helsetilsynet i fylket at ein har gjennomført ein slik analyse, og kva korrigande tiltak som eventuelt er sette i verk.

Dei registrerte meldingane gir mangelfulle

17) Uhedige hendelser i helsetjenesten. Forslag til nasjonalt program for forebygging og håndtering. PF Hjort. Sosial- og helsedirektoratet. Oslo 2004.

18) Sjå www.npr.no

opplysningar om verksemda har sett i verk korrigande tiltak. Vi veit ikkje om dette kjem av mangelfull handtering eller mangel på informasjon frå verksemda si side, eller om det har med mangelfull registrering i databasen å gjere.

Ut frå dei opplysningane som er registrerte, ser det ut til å vere svikt i informasjonen til pasientane. Sjølv om det er knytt feilkjelder også til desse data, meiner Statens helsetilsyn at det er urovekkjande at mange pasientar ikkje er informerte om skaden eller om Norsk Pasientskadeerstatning. Helseføretaka bryt norsk lov når dei ikkje oppfyller informasjonsplikta i pasientrettslova.

